

Fri, villig og heit

– ei oppsummering

18. september 2018 møttest om lag 30 engasjerte sambygdingar til dialogmøte på biblioteket, i regi av Vang frivilligsentral.

Problemstillinga var følgjande:
*Korleis er stoda for frivilligheita i Vang,
og kva skal til for å betre vekstvilkåra?*

Ordførar Vidar Eltun innleia med ein hyllest til dei frivillig

Han la vekt på kor viktig deira engasjement er - den frivillige innsatsen er bærebjelken for alt vi får til i Vang, som vi får mykje skryt for utanfrå.

Å vere frivillig for nokon gir noko tilbake til den frivillige, dette har han sjølv erfart. Spørsmålet er korleis ein skal få med ‘heile bygda’, dette kom vi meir inn på i diskusjonen seinare.

Regjeringa presiserer at stat og kommune skal leggje til rette for frivilligkeit, t.d. ved å tilsette folk på frivilligsentral. Han takka alle som var møtt fram for å diskutere temaet, og sendte også ein takk til dei som ikkje kunne vere tilstades fordi dei nettopp no var ute og jobba frivillig.



Leiar ved Nord-Aurdal frivilligsentral, Marta Bjørnøy Lalim, tok for seg ‘trendar i frivilligheita’

Det har vore ein sterk tradisjon for frivillighet i Norge lenge, noko som betyr at vi har godt grunnlag for å forske på endringar. Ny teknologi og nye generasjonar endrar uttrykket og karakteren i frivillig sektor.

Dette er dei 6 største trendane på nasjonalt nivå:

- *Talet på medlemmar i organisasjonane synk, men tidsbruken på frivillighet er stabil.*
Mange er frivillige for å realisere eigne mål, ikkje berre for å serve ein organisasjon.
- *Organisasjonane må tilpasse seg redusert medlemskap og meir selektive deltagarar/frivillige.*
Mange frivillige ‘shopper’ medlemskap, er ikkje lengre trufaste. Tidlegare prøvde ein å endre organisasjonen om ein var ueinig, no er det enklare å forlate den.
- *Organisasjonane er svekka i områder der folkerørslene tradisjonelt var sterke.*
Engasjementet blir meir nasjonalt, og meir digitalt.
- *Talet på nasjonale organisasjonar aukar, mellom anna ved hjelp av digitalisering.*
T.d. blir sterke grupper på facebook invitert inn i lobbyverksemda. Små lokallag opplev nedgang.
- *Det blir færre religiøse organisasjonar.*
Samfunnet blir meir sekularisert, og sjølv om vi på grunn av innvandring ser ein breiare flora i religiøsitet, er det ikkje nok for å demme opp for denne trenden.
- *Forholdet mellom stat og sivilsamfunn er i endring.*
Auka markedssektor, særleg innan helse/sosial. Større krav til forsikring, profesjonalisering ol.

(samfunnsforskning.no/
Scandinavian Civil Society
and Social Transformations:
The case of Norway)

Utfordringar:

Omstilling, krasj mellom generasjonar. Yngre får mindre eigarskap til organisasjonane. Forvaltninga har ikkje nok kunnskap, skapar regelverk som ikkje frigjøre tid til å fokusere på aktivitet. Mangel på heilskapleg frivilligpolitikk.

Kva frivillig sektor har:

Kunnskap ut frå erfaring, over generasjonar. Nærmiljø, lokalkunnskap. Kan gi politikken legitimitet. God pådrivar for endringar i samfunnet. Skaper engasjement.

Før – den sterke hjelpte den svake.

No – lage fellesskap der alle er deltagarar på lik linje.



Økonomisjef Remi Nilsen gikk gjennom hovudtrekka i dei nye personvernreglane

Reglane er lagd for å gi makt til forbrukaren. Det viktigaste organisasjonane gjer er å *kartlegge og dokumentere* kva slags personopplysningar dei registrerer, og korleis dei handsamar desse.

Remi gikk gjennom eit skjema for kartlegging, men vi er samd om at dette er meir omfattande enn naudsynt for frivillige lag.

Frivillighet Norge har laga ein lettfatteleg oversikt som vi tilrår alle frivillige lag å lese:

<http://www.frivillighetenorge.no/no/faq/personvern/#undefined>

Under punktet ‘Kartlegging av personopplysninger i organisasjonen’ finn de eit enklare skjema, som vi tilrår dykk å fylle ut.

Erfaringsdeling

Vi hadde to rundar med erfaringsdeling, der dei frammøtte diskuterte i grupper, med utgangspunkt i 7 spørsmål. Dette er nokre av innspela som kom opp:

Kva motiverer dei frivillige?

- Ungane sine behov
- Interesser/verdiar/sjølvrealisering
- Det sosiale, fellesskap, ‘vi’-kjennsla
- At det er nyttig/betyr noko for andre
- at du utgjer ein forskjell
- At det er moro
- Positive tilbakemeldingar/å bli sett
- Kaker/merch/forpleiing/smørjing
- Fadderordning
- Plikt
- Medmenneskelegheit/omsorg
- Status
- At det e lærerikt
- Makt og påverking
- Tradisjon
- Å få det på CV-en
- At ein har tid til overs
- Spenning (som øvingskøyring)
- At du får ansvar

Her kom det mange gode innspel, både om ytre og indre drivkraft.

Det er i alle fall tydeleg at det finst mange gode grunnar til å engasjere seg i frivillig arbeid!



Uorganisert frivillighet - korleis booste dugnadsanden?

- Vi lev i eit veldig organisert samfunn, 'nokon' ordnar alltid opp
- Viktig å bevare konseptet *å hjelpe kvarandre*
- Å hjelpe andre gir gjensidig glede/nytte
- Bygge opp dei som kjenner seg utanfor og dei som er inaktive
- Vi må etablere stor aksept for behovet om å få hjelp
- Vi må ut og møte kvarandre
- Vi må kommunisere at *du og din innsats trengst*
- Det startar rundt middagsbordet – det handlar om haldning
- Sosial kreativitet
- Ikkje krev for mykje / oppgåvene må ha låg terskel
- Engasjerande, meiningsfulle oppdrag
- Delar av dette feltet må organiserast av nokon – frivilligsentralen spelar ei viktig rolle



Korleis står det til med rekrutteringa

- Kunne vore betre, for enkelte. Veldig ulik situasjon
- Nye aktivitetar med høg status har høg rekruttering
- Avhengig av eldsjeler som får med fleire
- Fordele oppgåver etter kva folk er egna til/interesserer seg for
- Vi må tolke endringar - legg ned med godt samvit det som ikkje lengre har livets rett
- Avgrense bindingstida - tidsavgrensa events er enklare å få folk til – varig engasjement vanskelegare
- Kontinuerleg prosess – må alltid jobbe med å pleie medlemmane/dei aktive



Korleis inkludere nye?

- Prate positivt om laga/aktivitetane - framsnakke kvarandre
- God reklame/fokus på å gjere aktiviteten kjent, ikkje tru at ‘alle veit jo om dette’
- Innovangsjon og frivilligsentralen spiller ei viktig rolle
- Inviter direkte, og spørj kva kan/vil du?
- Spør personleg/gå på besøk
- Spør alle! Det vanlegaste svaret på spørsmålet kvifor er du ikkje frivillige er fordi ingen har spurt meg.
- Hugs på arbeidsinnvandrarar, flyktningar, andre tilflyttarar. Sjå på alle i bygda som ein ressurs
- Vere raus
- Nye frivillige har kanskje ønsker om nye aktivitetar – ønsk dette velkommen



Kva er utfordringane for frivillige/ frivillige lag i Vang?

- Administrasjon og tid - auka krav til rekneskap, medlemslister, byråkratisering, profesjonalisering – skulle ikkje regjeringa leggje til rette?
- Få folk til styreverv
- Aktivisere dei passive
- Digitalisering/manglande datakunnskap
- Store avstandar, mykje foregår i sentrum
- Stor slitasje på eldsjelene
- Lokaler har vi nok av
- Mykje er veldig bra!





Kva kan kommunen og andre gjere for å leggje betre til rette?

- Bruk frivilligsentralen – kan bidra med t.d. marknadsføring, hjelp og støtte, koordinere samarbeid
- Hjelpe til med aukande byråkrati?
- Økonomisk støtte
- Kommunal infrastruktur – viktig å halde ved like samfunnshusa osv.
- Tilby gratis møtelokale (biblioteket står i alle fall til disposisjon!)
- Samarbeide/løyse utfordringar saman

Korleis kan vi skape betre samarbeid, og kva slags kommunikasjonsfora ønskjer vi?

- Mange var positive til frivilligmelding
- Viktig med gode arenaer for å møtest, som t.d. frivilligsentralen
- Det er i grunn nok møter/ikkje tid til så mykje meir – men denne kvelden var nyttig
- Dei som fell utanfor musikkråd og idrettsråd saknar ikkje noko tilsvarande, dei har sine ‘moder-organisasjonar’ (t.d. husflidslaget og mållaget)

Det vart litt lite tid til desse siste to spørsmåla, men dette håper vi å ta meir tak i i arbeidet med frivilligmeldinga.

Frivilligmelding

Kommunane blir oppmøda av KS til å lage frivilligmelding, for å få ein heilskapleg frivilligpolitikk. Frivilligsentralen har sagt seg villig til å ta ansvar for ein slik prosess, OM dét er noko frivillig sektor ser som nyttig. Det er ikkje interessant å lage eit stort dokument som støvar ned i ein skuff, vi må sjå ein reell verdi og ha eit tydeleg mål med kvifor vi vil lage det.

Desse innspela kom opp/vart drøfta:

- Fokus på å skape aktivitet, ikkje lage ei omfattande melding
- Kan vere eit nyttig dokument for langsigkt prioritering
- Oversikt over reglar, lokalitetar, støtteordningar/tilskot
- Samkøyre med kommunedelplan for fysisk aktivitet, så desse ikkje gjentek kvarandre
- Kartleggje frivillig verksemd i kommunen for å
 - Finne 'hol' som skal dekkast
 - Marknadsføre det frivilligheita driv med
 - Samle kunnskap/dele erfaringar
 - Finne ut om det finst større rom for samarbeid
 - Styrke engasjementet

Boye Skore avslutta kvelden med sine erfaringar frå Vinjerock

Veldig mange søker seg tilbake som frivillige år etter år. Ikkje minst i områdegruppa som Boye leiar, sjølv om dei frivillige der har langt fleire arbeidstimar enn i dei andre frivilliggruppene. (Dei riggar opp heile festivalområdet i ei veka før festivalstart – og plukkar alt saman ned igjen etterpå.) Nokre av årsakene han trakk fram var:

- Fast morgonmøte for å gå gjennom planen for dagen, det skapar fellesskap og gir dei frivillige god oversikt over arbeidet dei er ein del av
- Roser gjerne dei som har gjort ein ekstra innsats/ løyst ting på ein kreativ måte, foran dei andre
- Stor grad av tillit, gir dei stort sett frie tøyler til å løyse oppgåva slik dei sjølv ønskjer, og sette sitt preg på korleis ting blir sjåande ut
- Pratar med dei om korleis jobben dei gjer betyr noko for alle dei andre på festivalen, får dei til å kjenne seg stolt over jobben dei har gjort



Takk for ein veldig fin kveld!

Dette var særslig givande for frivilligsentralen, og eg trur det var givande for dei frammøtte også. Berre ta kontakt om de har spørsmål/innspel – vi er her for dykk!

Marte, Vang frivilligsentral

